



Arkivnr: 2019/1396-5

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av sertifikatlån / nytt låneopptak

Samandrag

Eit sertifikatlån på 335 mill. kr har forfall 7. juni. Lånet vert refinansiert med eit 12-månaders lån med sertifikatvilkår i Kommunalbanken. Summen på lånet vert auka til 500 mill. kr

Vedtak

Lån på 335 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders lån med sertifikatvilkår i Kommunalbanken. Lånebeløpet vert auka til 500 mill. kr. Renta er 1,677 % fram til 05.06.2020.

Ingrid Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.06.2019

Eit sertifikatlån på 335 mill. kr har forfall 7. juni. Renta har vore 1,188 % siste 12 månadene.

Val av lånetype / rente

Pr. dags dato har fylkeskommunen fast rente på i overkant av 50 % av låneporteføljen. For eit obligasjonslån med forfall 11. juni, har ein valt å be om tilbod på fast rente i 5 år. Fylkesrådmannen ser ikkje behov for å auke fastrenteandelen ytterlegare på noverande tidspunkt.

Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere sertifikatlånet med eit nytt 12-månaders sertifikatlån. Det er venta at renta vil gå opp i løpet av året. Det kan då vere greitt å ha nokre lån der renta ligg fast i 12 månader framover, sjølv om ein ikkje bind renta for fleire år.

Regulering av lånesum

Sertifikatlån er den typen lån som for tida har lågast rente. Ulempa er at dei har kort løpetid, og må refinansierast relativt ofte. Bergen Capital Management har rådd til at ein heller bør auke storleiken på låna ein har, framfor å auke talet på sertifikatlån. Iflg. BCM kan 500 mill. kr vere ein passande storleik på kvart lån.

I tråd med dette vil fylkesrådmannen be om tilbod på ei sertifikatlån på 500 mill. kr. Lånet vil då erstatte eksisterande lån på 335 mill. kr og i tillegg vere starten på nye låneopptak i 2019.

Det er budsjettert med avdrag på 621 mill. kr i 2019. Ein har i mai innløyst eit lån på 265 mill. kr i Kommunalbanken. Vidare vil ein til hausten innfri eit sertifikatlån på 221 mill. kr. Det vil då stå att å betale budsjetterte avdrag på 135 mill. kr.

I samband med refinansieringa den 7. juni kan ein bokføre avdrag på 135 mill. kr. Det eksisterande lånet er då nede i 200 mill. kr, og 300 mill. kr vil bli registrert som nytt låneopptak i 2019.

I 2019 er det budsjettert med 1 232,7 mill. kr i nye låneopptak. Etter at ein no tek opp 300 mill. kr, står det att 932,7 mill. kr. Denne summen vil bli fordelt på 2 nye lån.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod:

	nominell rente
Kommunalbanken	1,677 %
DNB Markets	1,674 %
Danske Bank Markets	1,720 %
Sparebank 1 Markets	1,740 %
Nordea Markets	1,820 %

Det var svært jamnt mellom DNB Markets og Kommunalbanken. Når ein tek omsyn til gebyr, er det Kommunalbanken som kjem best ut. Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå Kommunalbanken.